

## **Innkalling til styremøte på Scandic Hafjell, Øyer 22. januar kl. 10.00 - 17.00**

**Deltakrar:** Knut Evensen, Jonny Mathisen, Gro Arneng, Eirik Kolbjørnshus, Anne Terningen, Peder Leirdal, Terje Bakken, Endre Amundgård og Pål Kjørstad. Pål Kjørstad reiste frå møtet 14.30 og Anne Terningen skreiv referat, som vart samanstillt att seinare

### **Sak 1/2020: Referatsaker**

- Referat frå styremøte 16.12.2019, godkjent pr. e-post.
- Faktura driftstilskot opp mot refusjon av utsendingar til årsmøtet er sendt lokallaga
- Infoskriv sendt ut til medlemmane 7. januar 2020, m/ bl.a. innkalling, sakliste og påmelding til regionmøter, innkalling og påmelding og program til årsmøte og seminar, info frå og om valnemnda og info elektronisk overvaking.
- Møte m/Lesja kommune angående prosjekt på Lesjaskog 2020. Prosjektet skal, viss det vert starta, prøve å dokumentera tapsårsakar på lam i område utan dekning med nye Telespor-einingar. Det er sett opp budsjett til FKT-søknad, Jonny og Pål deltok.
- Regionmøter i Valdres 15/1, der Knut, Jonny, Gro, Eirik og Pål deltok m/innlegg og på Otta 16/1 der Knut, Jonny, Ola og Pål deltok m/innlegg. Gode tilbakemeldingar.
- Årsmøte Dovre Sau og Geit 20/1 der 17 av 33 medlemmar møtte, Ola deltok frå OSG.

### **Sak 2/2020: Årsmelding 2020**

Utkastet til årsmeldinga til Oppland Sau og Geit vart lagt fram, men mykje var ikkje på plass enda. Den vert skrive og utarbeidd etter same lest som i fjor med god hjelp av tillitsvalde i organisasjonen, Sidsel hos FMOP, Terje i Ring 41, Jane frå OGL, Roy på Bekkevold Lyskopi og med Pål som hovudansvarleg ”journalist og redaktør”. Det blir bestilt 1500 årsmeldingar der ca. 1300 sendes per post (inkludert til alle kommunar i Oppland og 1 eksemplar til NSG), Sidsel får 50 stk. og resten er til utdeling/arkiv.

Annonser/reklame blir i år støtta frå: OSID, AS Nessemaskin, Fjøsssystemer, Sparebank 1 Gudbrandsdalen, Telespor AS, FindmySheep, Nortura SA, Felleskjøpet, Furuseth AS, Fatland, Strand Unikorn, Grobakken Landmek AS, Bekkevold Lyskopi, Tine SA, Norilia og Sikringsradioen. Noko som er siste året i nåverande sponsoravtale. Noko av utkastet til årsmeldinga vart gjennomgått og korrekturlese.

#### Vedtak i saka:

- Styret var einige i det som vart framlagt og utkastet til årsmeldinga vert sendt på e-post til godkjenning i styret før utsending.

### **Sak 3/2020: Reviderte rekneskap for 2020**

Rekneskap for Oppland Sau og Geit, Oppland Radiobjøllelag og Ring 41 vart lagt fram. Leif Arne Sandbekken gjorde opp rekneskapet 7/1 i samarbeid med kasserar. Rekneskapet er sendt til revisjon, og revisjonsrapporten blir ferdig til å setja inn i årsmeldinga

#### Vedtak i saka:

- Rekneskap for dei ulike avdelingane i OSG vart godkjent av styret for revisjon og framlegging på årsmøtet i laget.

#### **Sak 4/2020: Årsmøte og seminaret 2020 – følgende må detaljplanleggjast:**

- Gjennomgang av program/med fordeling av oppgaver og ansvar:
- OB, OBS, FM, NSG, Nortura, æresmedlemmar og prisvinnarar vert inviterte.
- Styret v/Ola og Frode ønskjer velkome i inngangen på hotellet. Desse sørger òg for butikk med NSG-effektar og blomar. Vi har ikkje mange effektar nå og må tinga nye, Pål ordnar det
- Leiarane/Knut ønskjer velkome etter ver-ringsmøte fredag
- Marthe Lang-Ree sørger for den lokale opninga av årsmøtet i OSG kl. 09.00 laurdag
- Marthe Lang-Ree leder generaldebatten
- Ellen leder årsmøte i fylkeslaget og seminar søndag
- Gjestar/taletid: Oppland Bondelag, Oppland Bonde- og Småbrukarlag, Nortura, Grobakken, Felleskjøpet, Findmy, Telespor og FMIN v/Sidsel Røhnebæk
- Av desse har Grobakken, Felleskjøpet, Findmy og Telespor stands og i tillegg skal vi sjølve ha medlemsbutikk, ansvarleg: Frode
- Knut ønsker velkome til bords under festmiddagen
- Marthe Lang-Ree er toastmaster under årsmøtemiddagen
- Prisutdelingar: ansvarlege: Knut Evensen/Pål Kjørstad, Erling Skurdal/Eirik Kolbjørnshus (gjetarhund), Peder Leirdal (verar) og Gro Arneng (buk) vert bedne om å koma fram og dela ut desse for Oppland. Prisvinnarar er beste vær, beste vær av anna rase, beste bukk, beste gjetarhundekvipasje, 3 beste lokallaga
- Det vert delt ut fylkeslagets diplom til dei som skal ha det

#### **Vedtak i saka:**

- Styret tok informasjonen i saka til etterretning, og var einige om ansvarsfordelinga

#### **Sak 5/2020: Saker til årsmøtet**

Driftstilskot, refusjon årsmøte, valinstruks, sak til NSG, andre saker og saker frå lokallaga. Styret diskuterte vidare styrets samansetning i forhold til regioner og spesialområder. Det vart lagt fram tankar om å utvida styret med 1 representant til 6, for å oppfylle både regioner og uavhengig geiterepresentant. Representant frå Team Ung i NSG bør inviterast til styremøte i OSG ved behov.

#### **Vedtak i saka:**

- Valinstruks-saka vart utsett til styremøte før årsmøtet. Ein må sjekka dette opp mot NSG sine lover. Eit nytt utkast skal sendast ut til styremedlemmene i forkant av neste styremøte. Sak om driftstilskot og refusjon årsmøtedeltaking vert teke opp på same møte i samband med budsjettet og andre saker frå lokallaga vert teke inn dersom dei er innkome i rett tid

#### **Sak 6/2020: Innspel til jordbruksforhandlingane 2020**

Innspel frå regionmøta, medlemmar og styret er notert og skriv skal vera innsendt innan fristen til faglaga i Oppland og innan 20/2 til NSG.

Drøftingar:

Auke i dyretilskotet opp til 150 dyr med kr.150,- til kr. 1033,- pr. dyr. Dyr 151 og oppover:

Uendra sats på kr. 194,-

Utmarksbeitetilskot: Auking av satsen med kr. 10,- pr. dyr til kr. 215,-

Dyretilskotet for geit må aukast og setertilskotet må vidareførast. Forskingsprosjektet om kvalitetskrav på geitemjølkk må vidareførast, det skal vera ferdig i 2021. Det vart òg drøfta korleis faglaga i Oppland skal orienterast om dette, er det nok med eit brev?

Vedtak i saka:

- Knut lagar eit utkast i samarbeid med alle, som sendes styremedlemmene i OSG 15/2 til uttale og godkjenning. Det må sørgjast for at innspelet frå OSG når faglaga i Oppland innan fristen dei sjølve set, Knut sjekkar med dei når dei må ha det.

**Sak 7/2020: Saker frå Ring 41/avlsutvalget**

Beste ver i Oppland 2019 er etter kriteria som er vedtekne er:

NKS: 201620244 General, oppdrettar Lars Olav Leirdal, Kolbu

Beste ver av anna rase:

Spæl: 201722987 Hepp Myhrmoen oppdrettar Anton Myhrmoen, Fåvang. Peder er ansvarleg for å skaffe premie. Styret gratulerer prisvinnarane!

Årsmelding og rekneskap for 2019 vart gjennomgått og vedtekne klare til årsmøtebehandling. Peder og Terje møtte for Ring 41, og opplyste om at Ring 41 nå besto av 13 avdelingar, 11 NKS og 2 spæl. 4 medlemmar gjekk ut av ringsystemet siste år, men det er òg 2 rekruttar på gang. Avdelingane li Oppland ligg frå heilt i toppen av landet og nedover, det er jevnt godt nivå, men nokre har også noko å gå på. Farskapssaker: Nokre avdelingar går att med dette og advarslar er gjeve til enkeltbesetningar. Ny medlemsavtale på gang til årsmøtet. Kåringane gjekk etter planen. Brukseigenskapar og indeks i forhold til vart diskutert. Kåring av bein på kåring er ei utfordring, ein del risbitar kjem att med slakke koder. I det seinare har det nå vorte meire dalapreg att på NKS. Vi er spente på kva genomisk seleksjon vil føra til. I praksis vil ein prøvekjøre indeksane alt frå i vår. Det skal bli større sikkerhet på morsevne, og ein er redd at behovet for avlsbesetningar minkar? Spælull i avlssystemet har vorte ei sak. Ulla utgjør til saman 200 tonn, 60% av lammulla går i F1, 40 % av samla i F1. Så og si ingen ull i klasse F1 etter kåringskrava. Ull-prøver av spæl, som vart sendt inn, vart ikkje følgt opp på eldre dyr. Det er godt sal av verene av baa rasar i Oppland.

Vedtak i saka:

Styret tok informasjonen til etterretning, og ønskte at Ring 41 tok spælull-saka vidare inn i avlsrådet.

**Sak 8/2020: Geitesaker**

Beste bukk i Oppland for 2020 får premie på årsmøtet. Dette er bukken 2017157 Fjellmann født og alt opp hos Ragnhild og Øyvind Krogsveen, Fåvang. OSG har premie, men må bestilla gravering. Styret gratulerer prisvinnarane!

I geitemjølkk-produksjonen vert det født mange kje, som det ikkje er avsetning på. Dette har vore ein gjengangar i fleire år. Ein har tilskot til kjeslakt, men slakteria slit med å få seld produktet. Derfor vert det enda avliva mange kje på gardane, og ein er redd for omdømme for produksjonen dersom dette vert kjent i dei «rette kretsane».

Ammegeitbesetningane er lite aktive og kanskje heller ikkje inviterte inn i organisasjonen vår. Vi må sørge for samarbeid med dei, og særleg i saker som kjøttomsetning, smitte og andre tiltak for det beste for geita.

Vedtak i saka:

Styret tok informasjonen til etterretning, og arbeidar vidare med saker kring omdømmebygging og ammegeitbesetningane

### **Sak 9/2020: Gjetarhundsaker**

Fylkesmester i Oppland 2020, Mali Tungen med Noa får premie på årsmøte. Styret gratulerer prisvinnaren! Nortura ordnar med premien. Eirik er ansvarleg for at dette skjer.

*Leder i OGL, Endre Amundgård, møtte på styremøtet. OGL har 230 medlemmer fordelt på 6 lokallag, Hadeland har vore litt nede, men skal finne ei løysning – ev. samarbeid m/Toten. Saker frå OGL må gå gjennom OSG til NSG. Økonomi ei utfordring, der dommarsamling er kostbart. OGL gjev kr. 4500,- til leiar og sekretær i året. Det vart teke opp at OGL kan søkje om midlar frå OSG. Oppland har 5 dommarar – utdanning av dei og dømning bør betales frå sentral pott gjennom prøveavgift. På distriktsprøver er avgifta kr.250 og på landsprøver er avgifta kr. 350,-. OGL har sendt inn forslag til NSG om auka prøveavgift for å dekkja utgiftene. Oppland er det største gjetarhundfylket med kvote på 12 deltagarar på NM, dette er avhengig av resultat. Stor variasjon mellom lokallaga med vektlegging av aktivitet – viktig å sette mål: ulike kurs målretta mot ulike nivå, gode lag er lag med ulike og varierende aktivitetar. Indre stridigheter kan man leva med. Ein ser at vi slit med å få folk til å ta på seg dugnadsarbeid. Det er arrangert for fåe distriktsprøver i Oppland, men mange har teke nye bruksprov.*

*Saker:*

*Instruktør-utdanning – har ikkje vorte endra siste 20 åra, nivåsetting og sertifisering manglar. Det er 4 hovudinstruktørar som utdannar nye instruktørar i Norge.*

*Diskusjon om privatisering av gjetarhundarbeid og kurs.*

*Informasjonsflyt, betre frå NSG, men mellom OSG og OGL har det vore dårleg,*

*Medlemskap i lokallag – bør vera medlem i berre eit lokallag.*

*Instruktørkurs vert sett i gang neste helg. Dette er for nye, ferdigstilling for dei som er i gang og oppfrisking for gamle.*

*Meir tid og krefter på gjetarhundrelatert arbeid mot småfebrukar. Meire fokus på gjetarhund, temakvelder, også i forhold til å få saman sauene raskare/betre også i rovviltrelaterte situasjonar. Balansere brukshund/konkurranshund. FKT-midlar. Prosjekt. Beredskapsplan.*

*Pål og Jonny søker saman m/OGL*

*Angående årsmøtedeltakinga: OSG må koma med god argumentasjon for gjetarhundrepresentasjon, da dei ikkje får dekkja utgiftene på møtet. 20 deltakarar på årsmøte slik det er nå, som går unna på eit dagmøte på 2 timar. Positiv til gjetarhundrelatert post på seminaret*

**Vedtak i saka:**

Styret tok informasjonen til etterretning, og arbeidar vidare med saker kring gjetarhund og betre samarbeid med OGL. Jonny og Pål i samarbeid med Endre følgjer opp saka om FKT-søknaden

### **Sak 10/2020: Oppland Radiobjøllelag**

Restmidlar av FKT-midlar av rovviltnemnda i Oppland vart kr. 450.000 året. Vi har bestilt og kjøpt 200 Findmy og 150 Telespor for dette beløpet, Fakturert brukarar av saltsteinsavlesarar etter vedteke sum 3000,- + mva pr. eining. Det er fakturert prosjektarbeid i 2019 gjennom Oppland Radiobjøllelag og utbetalt att. Alt er innkome på regnskapet for 2019.

**Vedtak i saka:**

Styret tok informasjonen til etterretning

### **Sak 11/2020: Rovviltsaker.**

Naturbruksalliansen har bestemt en markering på Bjørkelangen 22/1 2020 kl. 18.00 med bakgrunn i vedtaket om lisensfelling av ulv innanfor ulvesona. Pål deltek. Gaupekvota med sine svakheter i forhold til mengde, region og hodyrkvote ble òg nemnt.

#### Vedtak i saka:

Styret tok informasjonen til etterretning

### **Sak 12/2020: Møte med Hedmark Sau og Geit**

Styret i OSG fortsette samtala med Hedmark Sau og Geit angående vidare samarbeid/tettare samarbeid/samanslåing i framtida ut frå situasjonen rundt det nye fylket Innlandet og den komande regionreforma i rovviltforvaltninga.

Førre møte i Ringebru 5. august 2019 handla om dette:

#### Drøftingar:

Tema: Fylkeslaget: Håplaus geografi - for stort område. Ingen av fylkeslaga ser i dag at fordelene er større enn ulempa med å slå saman laga

Samarbeid: Felles årsmøte/seminarhelg, minimum 1 felles styremøte i året og elles etter behov. Fokus på betre samarbeid mellom fylkeslag/gjetarhundlag/avlssarbeid/elektronisk overvaking. Vi må ha eit felles styremøte med kvarande i januar 2020

Tema: Rovvilt: Samarbeid: Felles møter OSG/HSG i forkant av alle møter når ein ser nødvendigheten av det. Felles strategiar i forhold til saker som t.d. rovviltsikre gjerder – beite i inngjerda hegn, tidlegsanking, forsinka slepp. Må baseras på felles strategi med NSG. Felles uttalar t.d. i neste møte m/rovviltneimnda/FMIN: Ei innleiande tale om den generelle historia som går galne vegen i forhold til beitedyr, gjerne og som eit skrifteleg brev, fokus på at enkeltbrukarar vert brukt i staden for at vi vil at fokuset skal vera beitelag/organisasjonar

Samordning rundt rovvilterstatninga

Samarbeid og samordning over gamle fylkesgrenser som nord og øst for Gudbrandsdalen

Tema: Avl: Sau/Geit: Samarbeid: Felles dommarsamling

Felles seminarprogram m/fokus på dette tema

Tema: Elektronisk overvaking: Samarbeid: Drøfta korleis dette skal eller kan løysast. Innspel til FMIN om at Opplandsmodellen må halda fram ved at FKT-midlar også må gå til innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr frå den generelle tildelinga slik FMOP har gjort

Tema: Gjetarhund: Samarbeid: Samarbeid med arrangement som prøver, meisterskap og kanskje over områder der geografien er ein fordel for samarbeidet.

Nytt sidan dette og i dag: Det er og har vore liten aktivitet i Hedmark i 2019, labert mange steder. Mellom Løten og Alvdal er det veldig liten aktivitet. Hans Bondal meinte at det nok har vore ein fordel for Hedmark å gå saman med Oppland. Jonny: Felles arena f. eks, regionmøter rovvilt – Nord-Gudbr./Folldal. Knut: Vi i Oppland har nok aktivitet nå og vi er skeptisk til samanslåing. Eit sterkare samarbeid kan vere tingen. Eirik: Positive saker i Hedmark: For eksempel gjetarhund er godt teke vare på i delar av Hedmark. Endre: Samanslåing/samarbeid m/gjetarhund - Trur mest på samarbeid. Avl – overføring dyr: 2 regioner enda, ingen samanslåing i Mattilsyn-regioner. Jonny: 2 rovviltsoner enda – men både

behov for og positivt med samarbeid. Geita i Oppland samarbeider slik det er i dag også med nabofylker. Hans: Villreinutvalget: Er der dei er nå, men han meinte at dei vil slå seg saman.

Vedtak i saka:

Styret tok informasjonen til etterretning og konkluderte i fyrste omgang med: I dag er det beste Oppland og Hedmark Sau og Geit kan gjera er å utveksla informasjon og samarbeida kring fleire tema som: rovvilt, gjetarhund, kåring, elektronisk overvaking. Det kan i neste omgang vera aktuelt å inngå meire bindande samarbeidsformer, som felles regionmøter på naturlege stader, felles seminar, fellesmøte m/FMIN og felles dommarsamling. Styra i dei 2 laga såg ikkje for seg at ein fusjon mellom laga var aktuelt i nær framtid.

**Sak 13/2020: Eventuelt.**

Ingen sak

Øyer, 22. januar 2020, Pål Kjørstad